



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato
03.06.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/6864
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland v/rådmann

Informasjon om landsomfattande tilsyn med folkehelsearbeid 2014

Fylkesmannen skal føre tilsyn med folkehelsearbeid i kommunane i 2014. Tilsynet blir utført etter oppdrag frå Statens helsetilsyn.

Tilsynet er avgrensa til kommunane sitt arbeid med å ha løpande oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane, positive og negative faktorar som kan verke inn og vurdering av årsaker og konsekvensar samt vurdering av behov for justering av tiltak og handlingsplanar.

Kommunen si plikt til åstyre og leie folkehelsearbeidet går fram av folkehelselova § 30. Helsedirektoratet seier i rettleiaren [«God oversikt – en forutsetning for god folkehelse»](#), IS-2110:

«Dette innebærer at kommunens/fylkeskommunens ledelse er ansvarlig for å legge til rette for at oppgaven blir ivaretatt, herunder at kravene er tilstrekkelig kjent, at oppgavene er definert, at de som skal utføre oppgavene har nødvendig kompetanse og ellers andre forutsetninger for å gjennomføre aktivitetene, samt at det er betryggende rutiner for forbedring dersom oppgavene ikke ivaretas som forutsatt.»

I rettleiaren gir direktoratet forklaring til føresegnene i [folkehelselova](#) og [forskrift om oversikt over folkehelsen](#) og kva oversiktsarbeidet omfattar. Løpande oversikt er nødvendig for tidleg å kunne fange opp forhold som kan verke inn på folkehelsa og på kort sikt vere eit viktig fagleg grunnlag for eventuelle justeringar av handlingsplanar og tiltak.

Heimelen vår for å føre tilsyn med folkehelsearbeidet er gitt i folkehelselova § 31. Det som skil dette tilsynet frå andre tilsyn, er at det omfattar det tverrsektorielle arbeidet i kommunen (plan, skule, kultur, miljø, barnevern, helse og omsorg). Tilsynet blir utført til hausten. Kommunane vi vel å føre tilsyn med, vil få eige melding om dette.

Med helsing

Rune Fjeld e.f.
ass. fylkesmann

Helga Arianson
fylkeslege

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.